

Til grunneigare, naboar og
offentlege instansar

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Valestrandsfossen 04.02.2016

VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERING

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 12-8 varslast det med dette privat oppstart av:

DETALJREGULERING FOR MJÅTVEITSTØ, gbnr. 22/13, m. fl. PLANID 1256 2015 0005, MELAND KOMMUNE

Planområdet er på 18,4 daa og ligg på Mjåtveitstø. Føremål med planarbeidet er å leggje til rette for ein god og konsentrert utbygging av bustadområdet med om lag 16 – 18 bueingingar med tilhøyrande veg- og grøntareal.

Føremål er i samsvar med gjeldande overordna planer, kommune- og kommunedelplan der planområdet er sett av til *Bustadområde* og ligg innafør byggeområde B8 der det skal leggjast til rette for høg utnytting. Kommuneplanen si føresegner pkt 1.6.9 seier;

*I reguleringsplanane skal det leggjast til rette for høg utnytting og konsentrert busetnad i bygge-områda B_5, B_6, **B_8**, B_9, B_17, BE_1 og BE_2.*

Planarbeidet er jf. §§ 2, 3 og 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar, vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing. For utfyllande informasjon kan ein ta kontakt med Arkoconsult AS. Forslagstillar er Dale Brakstad Eigedom. Det vil verte vurdert å halde samrådsmøte utifrå innkomne merknader.

Oppstart vert varsla i Nordhordland og Bergens Tidende og sendt til alle aktuelle naboar og offentlege instansar. Eventuelle innspel kan sendast til plankonsulent innan 21.03.2016. For utfyllande informasjon kan ein ta kontakt med Arkoconsult AS

Vedlegg: kart med planavgrensing

Widar Sorø

Plankonsulent
Arkoconsult AS
Tlf: 56 39 00 03
Epost: post@arkoconsult.no



Figur 1 Plangrense